



HJELMELAND KOMMUNE

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.

14/904-102/17/13811

Arkivkode:

K1 - 000

Dato:

04.10.2017

HØYRINGSUTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE- ENDRING I REGLANE OM NYDYR KING - FORBOD MOT NYDYR KING AV MYR

Vedlagt er høyringsuttale frå Hjelmeland kommune.

Med helsing
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar jordbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:

HØYRING - ENDRING AV NYDYRKINGSFORSKRIFTA - FORBOD MOT DYRKING AV MYR



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kleppa, Torborg	K1 - 000	14/904

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/17	Formannskapet	PS	03.10.2017

HØYRING - ENDRING AV NYDYRKINGSFORSKRIFTA - FORBOD MOT DYR KING AV MYR

Vedlegg:

arealbarometer 1133_Hjelmeland

Høringsuttalelse 070917

Høring - Endringer i reglene om nydyrking - Forbud mot nydy

Høringsnotat

NIBIORapport_Kunnskapsgrunnlag om nydyrking av

Tilleggsutredning knyttet til kostnadseffektivitet og klima

Forslag til vedtak:

Det blir vist til forslag om endring av reglane for nydyrking og forbod mot nydyrking av myr som Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring.

Hjelmeland kommune meiner det ikkje er behov for ei lovendring i Jordlova for å ivareta behovet for å få klimaomsyn inn i vurderinga av nydyrking av myr. Gjeldande forskrift om nydyrking kan endrast ved at omsyn til klima også skal vurderast. Forskrifta kan endrast slik at ein sikrar at klimaomsyn og avbøtande tiltak blir innarbeidd i søknadar og saksbehandling.

Eit totalforbod mot dyrking av myr vil vere drastisk for mange landbruksføretak. Den dyrkbare myra er ein viktig ressurs for mange landbrukseigedommar, og kan vera avgjerande for vidare utvikling av gardsbruket. Hjelmeland kommune meiner difor at ein bør tillate nydyrking av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Dersom det blir innført eit totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for å kunne gi dispensasjonar ved bestemte nydyrkingsmetodar.

Hjelmeland, den 21.09.2017

Wictor Juul
Rådmann



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Formannskapet - 092/17

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

FSK - vedtak:

Det blir vist til forslag om endring av reglane for nydyrking og forbod mot nydyrking av myr som Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring.

Hjelmeland kommune meiner det ikkje er behov for ei lovendring i Jordlova for å ivareta behovet for å få klimaomsyn inn i vurderinga av nydyrking av myr. Gjeldande forskrift om nydyrking kan endrast ved at omsyn til klima også skal vurderast. Forskrifta kan endrast slik at ein sikrar at klimaomsyn og avbøtande tiltak blir innarbeidd i søknadar og saksbehandling.

Eit totalforbod mot dyrking av myr vil vere drastisk for mange landbruksføretak. Den dyrkbare myra er ein viktig ressurs for mange landbrukseigedommar, og kan vera avgjerande for vidare utvikling av gardsbruket. Hjelmeland kommune meiner difor at ein bør tillate nydyrking av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Dersom det blir innført eit totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for å kunne gi dispensasjonar ved bestemte nydyrkingsmetodar.

Saksopplysninger:

Samandrag

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag om endring av jordlova §11 og nydyrkingsforskrifta. Endringa i jordlova går ut på å heimla at nydyrkingsforskrifta også skal omfatta klimaomsyn. Endringa i nydyrkingsforskrifta går først og fremst ut på å innføra eit forbod mot nydyrking av myr med utgangspunkt i klimaomsyn.

Rådmannen tilrår at kommunen frårår eit totalforbod mot dyrking av myr, men at forskrifta kan endrast slik at ein skal ta klimaomsyn ved søknad og saksbehandling.

Fakta

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag om endring av jordlova §11 og nydyrkingsforskrifta. Endringa i jordlova går ut på å heimla at nydyrkingsforskrifta også skal omfatta klimaomsyn. Endringa i nydyrkingsforskrifta går først og fremst ut på å innføra eit forbod mot nydyrking av myr med utgangspunkt i klimaomsyn.

All nydyrking fører til at klimagassar blir frigjort. I høyringsgrunnlaget går det fram at dyrking av



HJELMELAND KOMMUNE

myr fører til relativt store utslepp samanlikna med dyrking av andre areal med meir mineraljord. Stortinget har lagt føringar for koss reglane bør endrast for å bidra til reduksjon i utslepp av klimagassar.

I samband med utarbeiding av endringsforslaget har NIBIO utarbeidd ein rapport der dei har vurdert samfunnsøkonomiske konsekvensar og effektar for klimagassutslepp som følgje av eit forbod mot dyrking av myr. I denne rapporten er konklusjonen at eit forbod mot dyrking av myr ikkje vil ha mykje å seia for mulighetene for matproduksjon i Norge. Det kan føra til reduserte muligheter for nydyrking i område med små areal med alternativ dyrkingsjord.

Eit generelt forbod med nydyrking av myr reknar ein med vil gi ein reduksjon av utslepp av klimagassar mellom 200 000 og 600 000 CO₂-ekvivalentar i 2050. Noko mindre om ein berre gir forbod mot dyrking av djup myr (djupare enn 1 meter). Omgraving i staden for tradisjonell dyrking vil truleg gi litt lågare utslepp, men effektane på kort og lang sikt er førebels svært usikre. konklusjonen i NIBIO-rapporten er at forbod mot dyrking av myr vil vera samfunnsøkonomisk lønsamt, men det kan gi inntektstap for enkelte bruk.

Lovar, føresegner, rundskriv

Jordlova (LOV-1995-05-12-23) §11 – Drift av jordbruksareal, nydyrking og landbruksvegar
Forskrift om nydyrking (FOR-1997-05-02-423).

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

I gjeldande kommuneplan er landbruket ei satsingsområde som ein vesentleg del av næringslivet i Hjelmeland. Blant anna står det i pkt. 3.3.4 – Auka nydyrking – og ta vare på dei produktive landbruksareala.

Innkomne uttalar

Hjelmeland kommune har ikkje sjølv innhenta uttale frå andre, men viser blant anna til uttale frå Norsk Landbruksrådgjeving (vedlagt).

Vurdering og konklusjon

Saka omhandlar klimagassutslepp knytt til nydyrking, og om nydyrking skal avgrensast for å

avgrense utslepp av klimagassar. Det vert difor fremma forslag til endring i lovverket knytt til nydyrking.

Det er berre ein liten del (om lag 3%) av landareala i Norge som er fulldyrka eller overflatedyrkajord. Dei dyrka areala er sjølvstøtt svært viktige for matproduksjonen vår. Difor har det vore ønskjeleg, ikkje berre å ta vare på dei areala med har (jordvern), men også å laga nye dyrka areal. Samstundes er det klart at landbruket også må gjera sitt for å redusera klimagassutsleppa. Spørsmålet er om det er rett måte å gjera det på, ved å gi eit generelt forbod mot dyrking av myr.

Konsekvensane av forslaget vil vere avhengig av faktorar som: Kor mykje vert nydyrka, kva

betyr dyrkingsressursane for det einskilde landbruksføretaket, kor stor del av

dyrkingsressursane er myr, kva dyrkingsmetodar kan ein nytte, har ein

andre tilgangar på jord enn ved nydyrking, transportavstandar til alternative areal, mv.



HJELMELAND KOMMUNE

I Hjelmeland er det berekna at det er om lag 16000 dekar dyrkbar jord. 71 % av den dyrkbare jorda i Hjelmeland er mineraljord, og 29 % er organisk jord eller myrjord. Kommunen sitt klare inntrykk er at dei fleste litt større dyrkingsareala dei seinare åra har vore myr. Typisk er også at arealet som blir dyrka består av fleire arealtypar, både mineraljord og myrjord. Difor kjenner me oss ikkje heilt igjen i NIBIO sine vurderingar over kva for kommunar som kan merke eit nydyrkingsforbod for myr. I følgje NIBIO sine vurderingar vil eit forbod mot dyrking av myr ikkje få særleg betydning i Hjelmeland, fordi det er ein større andel mineraljord i det dyrkbare arealet og fordi mineraljorda ligg nærare driftssentra. I NIBIO-rapporten er Tysvær den einaste kommunen i Rogaland dei reknar med vil merka eit forbod i nokon grad.

Dei siste 5 åra frå 2012 til og med 2016 er det i snitt søkt om dyrkingsløyve for 160 dekar. I 2015 blei det søkt om så mykje som 232 dekar. Det heng nok nøye i saman med at det allereie den gongen var i gong ei drøfting om dyrkingsforbod for myr. Mange ville sikra seg eit dyrkingsløyve før eit eventuelt forbod kom. Dette tydar også på at det kan vera einskilde bruk som har så og seia heile sitt dyrkingspotensial på myr. For desse bruka vil eit forbod mot dyrking av myr ha store konsekvensar for potensialet for utvikling av bruket framover.

Miljøkonsekvensar:

Drenering gjev tilgang til oksygen i jorda som vidare gjev omdanning til CO₂. Det er stor

usikkerheit knytt til storleiken av utsleppa CO₂, lystgass (N₂O) og metan frå dyrking av myr.

Ved dyrking av myr gjev nedbryting av torv og endra klimagassbalanse kor det vert ei

endring frå naturleg myr med opptak av eller nøytral karbonbalanse til ei dyrka myr kor

endringane i CO₂ og N₂O kan gi betydeleg utslepp. Det er, som det går fram av NIBIO-rapporten, klart at nydyrking av myr fører til ei raskare frigjering av klimagassar. Å bruke omgraving av myra som dyrkingsmetode, gjer nok at utsleppa blir mindre, men dei er nok uansett større enn ved dyrking av mineraljord.

Myrane har dessutan andre viktige økosystem- funksjonar, blant anna fordi dei er leveområde for mange ulike planter, dyr og insekter. Om det ikkje blir eit forbod mot dyrking av myr, må kommunen uansett vurderer om dyrking er forsvarleg av omsyn til naturmangfaldet.

Økonomiske konsekvensar:

Her vil ein ha bedriftsøkonomiske konsekvensar og samfunnsøkonomiske konsekvensar. For

bedrifta vil eigar/brukar få eit tap ved å miste moglegheita for dyrking (opsjonsverdi). T.d.

dersom nylege eller planlagde investeringar føreset arealutvidingar og alternative areal ikkje

er tilgjengelege i nærleiken. På den andre sida har ein samfunnet som vil setje ein pris på



**HJELMELAND
KOMMUNE**

reduisert klimagassutslepp.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Dyrkbar jord er ein beredskap innan jordbruket og for landet dersom situasjonen skulle bli slik at ein treng større sjølvforsyningsgrad. Det kan då bli behov for å auke jordbruksareala til matproduksjon i Norge.

Oppsummering:

Forbodet mot dyrking av myr vil få store konsekvensar for fleire landbrukseigedomar. Desse har hatt den dyrkbare jorda som ein ressurs for framtidig behov og som utviklingspotensiale.

Her i området har omgraving av grunn myr vore vellukka, der torvjorda er lagt under mineraljord frå jordlaga under myra eller tilførte massar.

Å dyrka opp eiga jord er eit alternativ til å leiga jord. Ein har eit val mellom lang transport og energibruk, eller om ein skal dyrke opp i nærleiken av driftssenteret. Ein vil då klimamessig få ei avveging mellom utslepp frå myr dyrking eller utslepp frå transport m.m..

Då eit totalforbod vil vere dramatisk for mange landbruksføretak rår ein til at ein vel å tillate nydyrking av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Skulle ein likevel velje å innføre totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bestemte nydyrkingsmetodar.